

# Eksamensoppgaver

01.06.2016

SSS2002

Sikkerheit/Sikkerhet

**Programområde:** Sal, service og sikkerheit/  
Salg,service og sikkerhet

# Nynorsk

<b>Eksamensinformasjon</b>	
<b>Eksamentid</b>	Eksamen varer i 4 timer.
<b>Hjelpemiddel</b>	Alle hjelpemiddel er tillatne, bortsett frå Internett og andre verkty som kan brukast til kommunikasjon.
<b>Bruk av kjelder</b>	Viss du bruker kjelder i svaret ditt, skal du alltid oppgi desse på ein slik måte at lesaren kan finne fram til dei.  Du skal oppgi forfattar og fullstendig tittel på både lærebøker og annan litteratur. Viss du bruker utskrift eller sitat frå Internett, skal du oppgi nøyaktig nettadresse og nedlastingsdato.
<b>Vedlegg</b>	Ingen
<b>Informasjon om vurderinga</b>	<p><b>VURDERINGSRETTLEIING FOR SVARET DITT:</b></p> <ul style="list-style-type: none"><li>• Når du løyer oppgåva, må du beskrive dei vala du tar og grunngi dei</li><li>• Kompetansen din i faget ut frå kompetanseområla i læreplanen viser du ved å:<ul style="list-style-type: none"><li>○ presentere og bruke fagstoff, og grunngi synspunkta dine og forslaga dine til løysing på oppgåva</li><li>○ trekkje inn ulike synspunkt og løysingar som er relevante for problemstillingane i oppgåva</li><li>○ gjere greie for resultatet/konsekvensene av dei faglege vala dine</li><li>○ meistre relevante grunnleggjande ferdigheter</li><li>○ bruke eksempel der det er relevant</li><li>○ bruke fagterminologi, hjelpemiddel og vedlegg på ein formålsteneg og etterretteleg måte</li></ul></li></ul>
<b>Andre opplysningar</b>	Legg sjølvvalde føresetnader til grunn dersom du manglar informasjon.

## **Case: Tannlegekontoret Flux as**

Du er tilsett som kontormedarbeidar hos tannlegekontoret Flux as. Du har mange arbeidsoppgåver, og ei av dei er å ta vare på sikkerheita til tannlegekontoret.

### **Oppgåve 1**

Flux har i det siste fått besøk av ei kvinne som oppheld seg på venteromet. Ho har ikkje tannlegetime, men ser ut til å ha behov for å varme seg. Sist måndag la kvenna seg til ro i lokalet over fleire stolar. Då du ba henne høfleg om å forlate lokalet, blei ho høglydt og sint og gjekk tett på deg.

- a) Beskriv med eigne ord korleis du kan lese kvenna sitt kroppsspråk for å vurdere om ho vil angripe deg.
- b) Korleis vil du bruke det du har lært om konflikthandtering til å løyse denne konflikten?
- c) Eiga sikkerheit er alltid viktigast. Korleis vil du ta vare på di eiga sikkerheit i ein konflikt som denne?

### **Oppgåve 2**

Ein av tannlegane kjem til deg og ønskjer eit personleg råd. Han har fått tilbod om å dra på luksuscruise saman med kona si. I programmet til turen er det berre sett av to timer til fagleg innhald. Tur og opphold blir betalt av ein leverandør som sel medisinar til Flux as.

Gi eit svar til tannlegen der du grunngir om han bør eller ikkje bør dra på denne turen.

## **Oppgåve 3**

Tannlegekontoret består, i tillegg til deg, av tre tannlegar og to assisterar. Kontoret er lokalisert midt i byen, på gateplan i eit gammalt trehus. Tannlegekontoret har eit papirarkiv med pasientopplysningar og røntgenbilde. I tillegg oppbevarer dei ein del medisinar i eit eige utstyrssrom. For å halde orden på timebestillingar er det eit eige bookingsystem som du og tannlegane har tilgang til frå kvar dykkar PC. Denne informasjonen er lagra på ein server som står på kontoret ditt.

Du skal gjennomføre ein risikoanalyse for Flux as med fokus på fysisk, teknisk og administrativ sikring. Legg sjølvvalde føresetnader til grunn der du manglar informasjon. Du skal svare på følgjande trinn:

- a) Beskriv kva for nokre verdiar som skal risikovurderast for Flux as.
- b) Kartlegg uønskte hendingar.
- c) Velg ut tre uønskte hendingar som du vil sjå nærmare på vidare i svaret ditt (d-i).
- d) Gjennomfør ei sannsynsvurdering for dei tre valde uønskte hendingane.
- e) Gjennomfør ei konsekvensvurdering for dei tre valde uønskte hendingane.
- f) Beskriv risikonivået i form av eit risikodiagram for dei tre uønskte hendingane.  
Forklar kva du les ut av risikodiagrammet.
- g) Kom med forslag til sikkerheitstiltak for dei tre uønskte hendingane.
- h) Set opp ein grunngitt handlingsplan for innføring av sikkerheitstiltaka.
- i) Fortel kort om korleis du kontrollerer effekten av sikkerheitstiltaka.

# Bokmål

<b>Eksamensinformasjon</b>	
<b>Eksamenstid</b>	Eksamensvarer i 4 timer.
<b>Hjelpebidrag</b>	Alle hjelpebidrag er tillatt, bortsett fra Internett og andre verktøy som kan brukes til kommunikasjon.
<b>Bruk av kilder</b>	Hvis du bruker kilder i besvarelsen din, skal disse alltid oppgis på en slik måte at leseren kan finne fram til dem.  Du skal oppgi forfatter og fullstendig tittel på både lærebøker og annen litteratur. Hvis du bruker utskrift eller sitat fra Internett, skal du oppgi nøyaktig nettadresse og nedlastingsdato.
<b>Vedlegg</b>	Ingen
<b>Informasjon om vurderingen</b>	<p><b>VURDERINGSVEILEDNING FOR BESVARELSEN:</b></p> <ul style="list-style-type: none"><li>• Når du løser oppgaven, må du beskrive de valgene du tar og begrunne dem</li><li>• Din kompetanse i faget ut fra kompetansemålene i læreplanen viser du ved å:<ul style="list-style-type: none"><li>○ presentere og bruke fagstoff, og begrunne dine synspunkter og forslag til løsning på oppgaven</li><li>○ trekke inn ulike synspunkter og løsninger som er relevante for oppgavens problemstillinger</li><li>○ gjøre rede for resultatet/konsekvensene av dine faglige valg</li><li>○ mestre relevante grunnleggende ferdigheter</li><li>○ bruke eksempler der det er relevant</li><li>○ bruke fagterminologi, hjelpebidrag og vedlegg på en hensiktsmessig og etterrettelig måte</li></ul></li></ul>
<b>Andre opplysninger</b>	Legg selvvalgte forutsetninger til grunn dersom du mangler informasjon.

## **Case: Tannlegekontoret Flux as**

Du er ansatt som kontormedarbeider hos tannlegekontoret Flux as. Du har mange arbeidsoppgaver, og en av dem er å ivareta sikkerheten til tannlegekontoret.

### **Oppgave 1**

Flux har i det siste fått besøk av en kvinne som oppholder seg på venteværelset. Hun har ikke tannlegetime, men ser ut til å ha behov for å varme seg. Sist mandag la kvinnene seg til ro i lokalet over flere stoler. Da du ba henne høflig om å forlate lokalet, ble hun høylytt og sint og gikk tett på deg.

- a) Beskriv med egne ord hvordan du kan lese kvinnens kroppsspråk for å vurdere om hun vil angripe deg.
- b) Hvordan vil du bruke det du har lært om konflikthåndtering til å løse denne konflikten?
- c) Egen sikkerhet er alltid viktigst. Hvordan vil du ivareta din egen sikkerhet i en konflikt som denne?

### **Oppgave 2**

En av tannlegene kommer til deg og ønsker et personlig råd. Han har fått tilbud om å dra på luksuscruse sammen med sin kone. I programmet til turen er det kun satt av to timer til faglig innhold. Tur og opphold blir betalt av en leverandør som selger medisiner til Flux as.

Gi et svar til tannlegen der du begrunner om han bør eller ikke bør dra på denne turen.



## Oppgave 3

Tannlegekontoret består, i tillegg til deg, av tre tannleger og to assistenter. Kontoret er lokalisert midt i byen, på gateplan i et gammelt trehus. Tannlegekontoret har et papirarkiv med pasientopplysninger og røntgenbilder. I tillegg oppbevarer de en del medisiner i et eget utstyrssrom. For å holde orden på timebestillinger er det et eget bookingsystem som du og tannlegene har tilgang til fra hver deres PC. Denne informasjonen er lagret på en server som står på ditt kontor.

Du skal gjennomføre en risikoanalyse for Flux as med fokus på fysisk, teknisk og administrativ sikring. Legg selvvalgte forutsetninger til grunn der du mangler informasjon. Følgende trinn skal besvares:

- a) Beskriv hvilke verdier som skal risikovurderes for Flux as.
- b) Kartlegg uønskede hendelser.
- c) Velg ut tre uønskede hendelser som du vil se nærmere på videre i besvarelsen (d-i).
- d) Gjennomfør en sannsynlighetsvurdering for de tre valgte uønskede hendelsene.
- e) Gjennomfør en konsekvensvurdering for de tre valgte uønskede hendelsene.
- f) Beskriv risikonivået i form av et risikodiagram for de tre uønskede hendelsene.  
Forklar hva du leser ut av risikodiagrammet.
- g) Kom med forslag til sikkerhetstiltak for de tre uønskede hendelsene.
- h) Sett opp en begrunnet handlingsplan for innføring av sikkerhetstiltakene.
- i) Fortell kort om hvordan du kontrollerer effekten av sikkerhetstiltakene.





[www.vigoiks.no/eksamen](http://www.vigoiks.no/eksamen)